

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Tirsdag 22. februar 2022
	Kl. 19.00 – 21.00
Møtestad:	Kyrkjekontoret
Opning:	Dag

Innkalla: Anders Dahl, Kirsti Angvik Frugård, Olav Johannes Oma, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland, Signe Vorland (1. vara)

Forfall: Nils Dale Elde, Sigrunn Ljosland, Egil Petterteig, Dag Kjetil Lægreid (2.vara), Arne Drønen (4.vara)

Fråver: Dagfinn Koppang (3.vara)

SAKLISTE

2022/07- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent, med følgjande tilleggssaker:
2022/13 Søknad om midlar til utval for frivillig teneste
2022/14 Konsert med Kari Bremnes 10.nov – Falturiltu
Infosak: Døgnet 9.-10.sept 2022

Samrøystes

2022/08- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent.

Samrøystes

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

Ingen saker

2022/9- 310 Gudstenestelivet i soknet

Soknerådet har invitert gudstenesteutvalet (inkl. sokneprest og kantor) til møtet. Me ønskjer å høyre om arbeidet som gjerast inn mot gudstenestene i Stord sokn, og kva utvalet og tilsette ser av moglegheiter og utfordringar framover. Det er ei målsetting at deltakinga i rådsmøtet kan vere ein arena for å inspirera kvarandre og løfte fram arbeidet med gudstenestene og kyrkjemusikk knytt til gudstenestene. Soknerådet ønskjer gjerne innspel på kva me kan gjere for å spela arbeidet med gudstenestene godt.

Moment frå samtalen:

- Soknerådsmedlemene noterte moment til «Mi drøymegudsteneste» på lappar som vart innsamla av utvalet.
- Arbeidet i utvalet: Ønske om at dei ulike utvala arbeider litt likt i metodikk, m.a. knytt til frivillige. Utarbeidd oversikt over dei ulike frivillige i kyrkja.
- Rekruttering av frivillige. Særleg viktig no framover.
- Arbeider med eit årshjul for utvalet, koordinert med soknerådet sitt årshjul.
- Kyrkjemusikalsk plan: Mange gode musikkrefter i Stord. Kartleggja desse og kva rammer ein ønskjer å arbeida innanfor. Kan godt tenka utradisjonelt om kven ein dreg inn i det musikalske arbeidet i kyrkja. Ikkje nødvendigvis i berre i gudstenesta. Kva arbeid vil ein satsa på? Kva er kantor sine oppgåver?
- Ønsker å arrangera inspirasjonssamling for frivillige og stab i kyrkja. Sofa-prat, presentasjon av frivillig-oppgåver, musikk.
- Ulike typar gudstenester, i tillegg til dei vanlege (høgmesse, familiegudsteneste, dåpsgudsteneste):
 - I år ønskjer gudstenesteutval og diakoniutval å ha minnegudstenesta på Allehelgenssøndag.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- Ønskjer å gjennomføra ei kommentert gudsteneste til hausten og gjerne kvar haust framover.
- Ungdomsgudsteneste ein gong i semesteret. Kveldsgudsteneste ein laurdag?
- Introdusera nye salmar systematisk, ved å gjenta eit lite utval gjennom fleire gudstenester. Gjerne også ved å øva i forkant.
- Ønskje om fleire familiar i gudstenestene.
- Informasjon/opplæring rundt dei ulike tidene i kyrkjeåret.

Vedtak:

Soknerådet tek informasjon og samtalen til orientering.

2022/10- 046 Årsmøte 2022

I alle sokn skal det kvart år haldast eit soknemøte der ein legg fram for medlemene årsrapport, rekneskap, arbeidsprogram og budsjett til orientering, jf kyrkelova §9. Dette årlege soknemøtet gir grunnlag for debatt om planar og prioriteringar. Dermed er soknemøtet ein god plass for deltaking og engasjement i lokalkyrkja. Frista for å leggje fram revisorfråsegn til rekneskapet er 1.april. Soknemøtet bør difor haldast ein gong etter dette

Vedtak:

Årsmøtet 2022 blir halde søndag 24.april etter gudstenesta.

Soknerådet sine medlemmer blir særleg oppmoda til å prioritera dette møtet.

Samrøystes

2022/11- 046 Årsrapport for 2021

Soknerådet utarbeider innan 1.mars kvart år, ein årsrapport over rådets aktivitet i siste kalenderår. Rapporten leggst fram for årsmøtet/soknemøtet og oversendes kyrkjeleg fellesråd, prosten, bispedømmerådet og andre som soknerådet bestemmer. Arbeidet med årsrapporten for 2021 er noko forseinka og det føreligg så langt ikkje eit utkast.

Vedtak:

Soknerådet delegerer til AU å ferdigstillast og godkjenna årsrapport for 2021.

Samrøystes

2022/12- 360 Initiativ knytta til familiegudstenestene

Med bakgrunn i tidlegare innspel rundt arbeid for born og familiar i Stord kyrkje, barne- eller familiekor etc. er det kome nye innspel om å prøve ut ei samling for familiane i uka før familiegudstenesta som kan innehalde m.a. middag/sosialt og gudstenesteverkstad med moglegheit for å øve inn nokre songar til bruk i gudstenesta («pop-up barnekor» e.l.)

Vedtak:

Soknerådet tek initiativ til ei familiesamling på Kyrkjestova Fredheim torsdag 24.mars kl 16-18 som førebuing til familiegudstenesta 27.mars. Olav og evt. Noah deltek på samlinga. Soknerådet dekkjer kostnader for enkel middag.

Soknerådet spør Sigrunn Ljosland om å organisera samlinga.

Samrøystes

2022/13- 121 Søknad om midlar til utval for frivillig teneste

Arbeidsgruppa for frivillig teneste i Stord og Nysæter sokn søker om 25 000kr frå kvart av sokna til tiltak knytta til visualisering av frivillig teneste i sokna, med mål om auka rekruttering til frivillig teneste. Ingeborg informerer i møtet.

Vedtak:

Soknerådet innvilgar kr 25 000 i tråd med søknaden.

Samrøystes

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2022/14- 354 Konsert med Kari Bremnes 10.nov - Falturiltu

Falturiltu ønskjer eit samarbeid med Stord sokn knytta til konsert med Kari Bremnes 10.november. Soknet si oppgåve blir å stille med lokale (Stord kyrkje) og ein underskotsgaranti.

Vedtak:

Soknerådet er positive til å vera medarrangør på denne konserten.

Soknerådet er villig til å dekke 50% av eit evt. underskot, inntil kr 5000 som vår andel og tek tilsvarende 50% av overskot, inntil kr 5000 som vår andel.

Samrøystes

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/sokneprest
2. Innspel frå utvala
3. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag.
4. Kyrkjelydsleir utsett til 4.-6.nov 2022. Bestilt 1.-3. sept. 2023 på Brandøy.
5. Folkevalgtundersøkelsen 2021
(Info v/Anders og drøfting av korleis vi ser på arbeidet i soknerådet)
6. Kyrkjeleg organisering – info frå høyringsprosessen v/ Dag
7. Planlagd oppstart av KIA-arbeid på Stord (Info v/Anders)
8. Døgnet blir 9.-10.sept 2022
9. Foreløpig informasjon frå diakoniutvalet om planlagd temasamling rundt rus og psykiatri i Stord kyrkje 31.03.22.

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat, Diakoniutvalet 3.feb

Anders Dahl
soknerådsleiar
Sign

Dag Sele
referent
sign